

Arkivnr: 2017/3764-9

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017

**Tilskot til lokale kulturbygg 2017****Samandrag**

Fylkeskommunen fordeler kvart år tilskot til lokale kulturbygg – finansiert med spelemidlar frå Norsk Tipping gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga skal bidra til å etablere eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd i Hordaland.

Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur – som Scenekunst-lokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Bygningane skal i størst mogeleg grad fungera som kulturelle møtestader for alle grupper. Lokala skal vere opne for all lovleg kulturverksemd. Ingen må stengjast ute av religiøse, sosiale eller politiske omsyn.

<b>Generelt:</b>	
Til fordeling 2017 frå Kulturdepartementet inkl renter og inndregne midlar:	Kr 3 880 000,-
Søknadsfrist 2017 frå kommunane:	20. mai 2017
Vedtak i statsråd om fordeling:	28. april 2017
Vedtak kriteria:	<a href="https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst-og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/">https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst-og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturbygg/</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/kulturbygg/desentralisert-ordning-for-tilskudd-til-/id86016/">https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/kulturbygg/desentralisert-ordning-for-tilskudd-til-/id86016/</a>

<b>2017:</b>	
Tal på søknadar:	19
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	13
Godkjend søknadssum:	Kr 11 435 000,-
Overføring til kulturbygg med regionale funksjonar (budsjett):	Kr 949 000,-
Tilrådd til fordeling:	Kr 2 931 000,-
Tal på kommunar som har søkt	13

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:****Statlege føringar**

Statleg støtte til anleggsmål vert kanalisert via fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunen fordeler kvart år spelemidlar til Lokale kulturbygg (Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg) med heimel i lov om pengespel og føresegner gitt ved kongelig resolusjon av 3. april 1987. Meir detaljerte føresegner er gitt i "Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg» fastsett av Kulturdepartementet 1. januar 2010.

Søknad om støtte til bygging av anlegg fremjast til fylkeskommunen gjennom kommunen der anlegget er planlagt bygd, innan 20. mai. Alle søknader om spelemidlar vert levert fylkeskommunen elektronisk gjennom [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no). Fylkeskommunen går gjennom alle søknader, og gjer ei detaljfordeling av midlane til kommunane. Oversikt over fordelinga til lokale kulturbygg vert sendt Kulturdepartementet innan 1. april neste år.

### Politiske prioriteringar

I fylkesrådmannen si tilråding til fordeling av tilgjengelege midlar er det teke omsyn til tal godkjende søknader frå den einstilte kommune og tal innbyggjarar i kommunane saman med søknaden sin kvalitet med kva for kulturaktivitetar som finn stad og kommunen sin eigen prioritering.

### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling fordeler kr 3 167 480,- over budsjettpost 400.440 til spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i 2017:

	<b>SØKNAD</b>	<b>EIGAR</b>	<b>TILDELING</b>
1	Heiarvang Grendahus	Heiarvang grendalag og Træet skulemusikkorps	240 000
2	Kulturfabrikken	Hetlevikalliansen	300 000
3	Ravnanger grendahus	Askøy kommune	0
4	Kulturhuset Sentrum	Kulturhuset Sentrum	138 000
5	Oppgradering av lager	Moster tur- og sogelag	0
6	Husflidstovo oppgradering	Bømlo husflidslag	0
7	Jonsvoll/Jondal ungdomshus	Jondal Ungdomslag	216 000
8	Haugatun Samfunnshus	Strandebarm ungdomslag	286 000
9	Rosendal samfunnshus	Rosendal Samfunnshus L/L	300 000
10	Dalheim ungdomslaghus	Omvikdalen Ungdomslag	0
11	Ombygging av Skaalurensamlinga	Rosendal skipsbyggjarmuseum	0
12	Vonheim	Ungdomslaget Von	275 000
13	Os Seniorsenter - påbygg salong/heis	Stiftelsen Os Eldresenter	0
14	Ungdomshuset Skogheim	Ungdomslaget Vårvon	126 000
15	Vognhallen	Os kulturutvikling	200 000
16	Samfunnshuset Skogen	Samfunnshuset Skogen	230 000
17	Samnanger bibliotek	Samnanger kommune	500 000
18	Sjøhus i Buavåg	Sveio kommune	0
19	Vines skule	Vines bygdalag	120 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 29.05.2017**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane